

Buområdet for OUS i Helseatlas i ortopedi består av opptaksområda for både OUS, Lovisenberg og Diakonhjemmet. Denne tilleggsrapporten viser korleis innbyggerane sin bruk av helsetenester fordeler seg mellom desse områda. For kvar av dei fjorten tilstandane, viser ratane tal operasjonar eller innleggingar per 100 000 innbyggjarar i området.

Inndelinga i denne tilleggsrapporten:

OUS: Sagene, Nordre Aker, Bjerke, Østensjø, Nordstrand, Søndre Nordstrand, Marka

Lovisenberg: Gamle Oslo, Grünerløkka, St. Hanshaugen, Sentrum

Diakonhjemmet: Frogner, Ullern, Vestre Aker

Bydelar som ligg knytt til Ahus (Grorud, Stovner, Alna) er ikkje med i denne tilleggsanalysen, berre i hovudanalysane.









